Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Högtidsmat v. fam. festar.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: 39.

Oppskr. av: Sverre Mykelbust

(adresse): Veiteberg

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Jölster

Bygdelag: Stardalen

Gard: Veiteberg

G.nr. 18 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Dei siste 40 år

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Anders K. Veiteberg, bonde 77 år.

SVAR

1. Ved barseng kom grannekonor og slektningar med sengjamat
2. Dei kom kvar for seg med grauten
3. Det var berre graut av römme i ein ambar, som skulle vere full; 4 liter
4. Mora ell. vermora koka same dagen. Dei andre kom frå 2-3 dagen – i alle höve før barselkona var oppe att
5. Det var ein gong dei sengjamat.
6. Graut. Men kona skulle ha öl – Bestefar, verfar, kom med ei ölflaske og sette i sengjekraa, ell. glaskaman for kvar natt, når eg låg. Vi skulle ikkje drikke möseblande. Men eg vart berre tyrst av ölet, (bestemor 84 år) – Elles koka dei ölost til dei seinare. Det var gjæmm nok til å bryggje for denne osten til kona.

Brudearen var trefarga og fint svidd. Har og sett blå ambar no – No er det elles ikkje heilt visst at det skal vere graut, utanom dei næraste. Dei sender fløyte, kaker og kringler.

8387

10. Var det kone på garden, måtte ho
gå. Det høvde ikkje at mannen var
med utan i høve dei skulle køyre
og fare over is og vatn. Kunne
ikkje sende gjenter ell. døtter utan
dei ikkje er kone ell. mann.
-Til dotter mi f. 1934 kom far med
grauten. Mor døde 1932. Til Sigrid
f. 1936 kom eldste syster mi, då
far var død då. Til Kjartan f. 1940 kom eldste bror m. grauten.
11. Skulle mannen gå, var det
mykje åtvaring: „Hugs no på å
ha spørta framanfor, so lokket
ikkje går av ambaren!"
12. Til traktering: Ho som kom
med sengmaten, skulle smake
på grauten fyrst. Det vesle
barnet skulle og ha graut. Elles
fekk dei som kom med sengmaten
øl og kaker, seinare kaffi. Og i
det aller siste, kjem trakteringa
i eit eige lag; konemåltid ell.
Kjerringemåltid, dersom det ikkje
var vanleg barsøl dei kunne vere i
-Her på Flatjorda 1951.
13. Det heiter ein går med sengja-
grauten (sengjamaten).
14. Kjerringemåltida var før
same dagen barnet var født og
klætt ell. linda. Då var gards-
kjerringane samla, og dei dei
vart traktera med smør og ost
på flatbrød, spekekjøt ell. steikt
sidekjøt på bordet - og øl. No
kaffi og kaker, smørbrød o. l.

8387

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

15. Mest ikkje kjennskap til lausingungar her. Men det var ei gjente som fekk eit barn, og det omkom; og det var mora si skuld. Folk tykte då det var rart at mor hennar kom til sölleva med graut – at ho greidde det.

16. Dei tok til å sende kakee i st. for graut 1930. Og det auka på. Men på reine bondebygdar har grauten overtaket ennå. Ofte vert borna fødde på sjukestove ell. klinikk. Når då kona kjem heim og er oppe, höver det ikkje so godt med graut. No er det då mange som sender klæde som höver for barnet. Det er nyttigave.

17-18. Elles gjev dei ikkje gåver til barnet ved fötselen.

19. Men når det var barsöl talar ein gumorgåve og faddersgåve og gusfargåve. Det kunne vere penge ein sette i banken ell. eit armestykke eit smykke, o. l.

20. Til barsöl, no barnedåp, bad ein grannekonene som hadde bore senggjamat og mannen. Elles nær slekt; heile huslyden gjerne, og fadderane. Dei tok med seg senggjamat om ikkje för, og folne som sideskjöt og smör.

21. Flaget hadde dei öl og elles mat som kokt, kjöt, supe, smör og bröd. Var de 2 vaker, framover til 1920-åra. Seinare helst berre 1 matt og ikkje öl.

8387

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

22. Alle bor likt. Men gudmora
reknar vi no i ein serstilling
når det gjeld andsvar for gåver.
23. Gudmora har størst ære, og gjev
barnet gåver sers. Elles er det
oftast mora ell. bestemora som ber
fram barnet, då ein har så få.
B. Fødselsdagar ikkje feira sers
før. Men ein huqsa no dagen.
24. No er det vanleg for born.
25. Også for vaksne, med gåver
frå sysken og born, sers ved runde
tal - 30 år for peparsveinar, og
50 årsdag og 60 - 70, for ikkje å tale
om 75 - 80 år, o.s.b
26. Då møter dei som er bodne ell. som
har sendt gåver. Og kanskje tilfel-
dige gjester. Då Rasmus Veiteberg
hadde 80 årsdag kom sötera frå Bergen
med ei kake med 80 lys på - 1948.
27. Elles er det vanleg med telegram
frå ubodne gjester, ell. blomar.
28. 29. No er det sjokolade og små
kaker, smålbrød for borna og
rjomegraut og kaffi i eldres lag.

Konfirmasjonen var ein vanleg
preikesundag. Alle heime var med
kyrkja, så maten heime var
vanleg sundagsmat, kanskje
mjölkesupe av söt mjölk, smör
og bröd, ost og litt kokt kjöt.
1917 bad vi til oss eldste bror,
som var nygift, med kona. Men
elles berre husfolk. Mat: kjøttkaker



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Frå 1920 utover har konfirmasjonsgildi
auka på. Ein bed fadderane, som
kjem med store gåver til konfirm-
anten, og er med til middag, kaffi
og kvelds for dei som må liggje over
ei natt. Presten vert bedd av
same. Dei som bur lenger unna
sender gåvene, utan å bli bodne.
Maten er vanleg festmat: kjöt og
desert og blötkaker, som ein bakar
sjölve ell. kjöper hos bakaren.

D. Brudlaupet.

36. Bestemor 84 år hugsar at dei
hadde eit festaröl med foreldra
til brura, og samrådde seg om laget
37. No er det mindre, og helst tilfellig
38. Dei eldste brudlaup varde mest-
heile veka.

1. Foreldra til brura med 2-3
slektningar kom til Form vesle
brudlaupsaftan. Vi venta 'kje
nokon og gjenta plukka jonsok-
blomebrusar til laget, då Anders
Håheim kom såleis, etter gamal
skikk.

Brudlaupsaftan dei kom, fekk
dei öl og mat oppi hendene, og
så bar det til langbordet, etter
at dei hadde vore i brurahuset og
helsa på brufolket. Nokre sat
ved veslebordet; skiva. Kjömeis-
teren skar toppen av smörkamene
og bad dei forsyne seg av smör, ost og
flatbröd, som var tilskipa med
ost og bröd ved sida



2 slag ost
flatbröd

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8387

Andre rettar på bordet var kokt kjøt og kaker med flot. Det stod mat på bordet om natta til dei som dansa.
1. Bryllaupsdagen, fekk ein og maten oppi hendene til føre frukost 2-3 skiver og lepser og øl. Men det var skikk å løyne litt, som gjentene samla innatt. Elles stod frukostmaten på bordet med smør-brød, kjøt og gombe.
Til middag når ein kom frå kyrkja: smør og flatbrød og Koking; og så fleskerygge til kjøt-Øl-(altså grise-rygge).
Om kvelden var det kliinte kaker og lepser, smør brød-kjøt-ost stod på bordet natta rundt for dei som dansa.
Skåledag, 2. dagen var det dram til kliinte mate, og koffi. Til middag den dagen sat kjøkemeisteren og skar opp spekekjøtskiver av nautelår med bandekniv, og no skulle dei drikke skåla og leggje pengar til brura. Dei drakk trommepeilane med tamburen stod på bordet og tromma. Han fekk avgift for det og spelemannen fekk. Tre glas av sølv vart iskjenkt 2 med br.vin og eitt med vin. Så tok dei „sylvet" av brura, og ho fekk på seg „Konehuva" og ho skjenkte eit glas vin til alle „Konedammer"



8387

~~Tredjedagen~~ 3 4. = Kviledag morgon kom brudgom kringom med flaske og dram, og brura i konehuva gav alle kringler, både store og små.
Ved koffibordet var det og kringle og br. vin.
Middagsmaten kviledag var: gamle flatbröd - smör - ost, spekekjöt.
Og no kom det salutt for brudfolka kom med bruragrauten, som vart spela inn. Til eit brudlaup kunne gå med 10-12 tunner öl 1 tunne br. vin og 1 anker vin
Fjerde - dagen, - 1. reisedag toka folk til å pakka saman utpå ettermiddagen. Det var då ståk med å finna fram tölene, ambarane som vart fyllte med restar til heimefolka. Vertskona stod fire dette
Femtedagen, 2 reisedag var det slutt, og dei nåraste reiste og
- Hans Veileberg var spelemann i br. laupet på Øygarden 1870. Han la seg under ospa og kvilde. Ho vart svart - brun; naken. Etter fem netter br. laup og drivande ver stod ospa med lauv som skalv. Kanskje det var same brudlaupet Kolbein Bolsetbakka fortalde om: Det var så seint med åkra. Dei såg i åkresteinen då dei for i Stordalen i brudlaup. Kom attende, såg dei i „buste" - Åkren hadde skote ut. Men gamle Anders Hagen i Stordalen drog fram i bygda då åkren rann. Kom or br. laupet

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8387

var åkren „kols-kylte" - Skjulke
molda. Johanna Veiteberg 70 år:
„Vi reiste i brudlaupet til bror vår
mandag litle br. aftan, og var i
brudlaupet til sundag."
39. Nautelår til folne var svært,
elles bugsar vi best smalesider,
gomlee ambar og smör, 3-4 lag
40. Svæsost var det med smör
pynta i kanne som ein lig topp.
Fekk ein 4-5 Smörkanner til å
ha på langebordet, var det gjævt.
- Elles hadde ein smöret i ambar, no
pergament, 1-2 lag berre.
41. Veit ikkje om kjöhimsamling
42. Ei folne - fl. tal folner.
ell. og sending.
43. Mannen bar kjötet og ambaren
Kona smöret i kanne, ell. gomlee
og smör i ambarar.
44. Ikkje traktering ved levering av
folnene, men takk og velløke av
vertskona, mor til brura.
45. Det siste brura gjorde som
gjente br. afta var å bere kring
til grannane ein aske eller
skål med mölje m. bröd
til ungdomen som var heime.
46. Vertskona stod for heim attsend.
ved slutten på brudlaupet.
47. Tre dagars br. laup nokso vanleg
ved fyre heimskrig og no og då etter,
Så ei stund 2 næters - vanleg
no. Men ofte berre ein dag.
og stundom ettermiddagsbr. laup og



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Maten i 3 dags brudlaup: Kaffi og lefser smörbröd og kveldsmat:
br. aftan: graut, fisk, smör og fl. bröd ost
1. dag: Kaffi, lefser og smör og bröd og ost
Trakost: fisk og kokt kjöt smör og fl. bröd, graut.
Middag: fl. bröd. smör ost, og raspe-kaker med fleske-kjöt. No sosekjöt og dessert m. flöyte. Kaffi og finbröd er av seinare dato. Vanleg kveldsmat
2. dag mat som elles. Men til middag bruragraut. Brura-dram når ein bevrar gåver i pengar, men helst sylvtöy og steintöy. Og frukt og konfekt til takk.
3. dag reiser dei siste heim.
I todages brudlaup og eindags har ein bruragrauten til kvelds brudlaupsdagen. Dei næraste er att og et rester av bruragraut o. l. om det er noko
48. Å reise til byen å halda brudlaup er ikkje uvanleg, men ein taper då pressangane, skulda.
49. I Jölster har dei helst brudl. heime — berre 1 hotel no.
Mange held sölvbrudlaupsfest Dei gjer då middag og kaffi og får gåver. Elles ikkje sers högtid for br. dagen. Gull brudlaup og

Gravöl 52. Alle i gravlaget vert bedde av dei gamle, og so slekta og vener. Stort lag, 100 menneske mlg. Dei næraste bedde munnleg av mannen.
52. Varer 2 netter. Siste kvöld kandje

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8387

verre 1 dag for dei som ikkje er bönder.
54. Langreisande får 2 måltid fyrste kvelden 1. Kaffi og kaker.
2. Kveldsmat: smör- fl. bröd o.s.t. og fisk ell. steikt (kokt) kjöt, ell. og kjöt og raspekaker i eldre tid.
55. Ikkje graut i jordeferd, men i st. mjölkesupe av heilmjölk.
56. Ein åt når ein kom av grefta raspekaker og kjöt til hovudrett. No er det sodkjöt m. desert.
57. Jordeferd hos grannen om huset er for lite.
58. Folmer med seg 1½ kg smör og sidekjöt. Smöret i sin ambore.
59. Sidekjötet bar ein ofte i eit höyrande ell. eit kvitt plagg.
62. För bryggja dei svart til jordeferda. Truleg slutta dei kring 1905 med det. Sömde seg ikke. Karane åt då for seg sjölve i stova, kjöt og sterke saker. Kvinner og born fekk ete kleint mat i matstova ell. buda. Ikkje sterkt i jordeferd no. Slutta før enn barnsöl og br. laup.
65. Jordeferdene ikke lange, 2 mål er: Kaffi, lefser og smörbröd, fisk og (litt kokt kjöt stundom) fl. bröd og smör - Heilt moderne kost. Stundom 1-2 mål mat i samlingshus, hotell.
68. Skriftleg beding lenge, i avisene siste 20 åra, saman med dödslysinga.

<u>Nye festar</u>: 17. mai var det kaffi og småbröd kr. 1900 - No helst smörbröd. Morsdagen vanleg feira siste 15 åra. Farsdagen slo gjennom straks 1950. Morsdagen i barnelosjen, farsdagen gj. avisene

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8387